



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Årsmelding for fylkesvegane i Hordaland 2017

Plan- og byggeprogram for Hordaland utanom Bergen
Drift og vedlikehald av fylkesvegane



Innhold

| | |
|---|-----------|
| FØREORD | 3 |
| TOTAL PRODUKSJON I 2017 | 4 |
| MÅL OG STRATEGIAR | 5 |
| MERKEDAGAR I 2017 | 6 |
| RESULTAT FRÅ ÅRET SOM GJEKK | 7 |
| Store, strekningsvise prosjekt..... | 7 |
| Rassikring..... | 13 |
| Mindre utbetringar | 13 |
| PROGRAMOMRÅDE | 14 |
| Kollektivtiltak | 14 |
| Trafikksikringstiltak | 14 |
| Gang- og sykkeltiltak | 15 |
| Miljøtiltak..... | 15 |
| PROSJEKT UNDER PLANLEGGING | 16 |
| STANDARD HEVINGSTILTAK | 18 |
| Bruer og ferjekaiar | 18 |
| Tunnelar | 18 |
| Vegutbetring..... | 18 |
| DRIFT OG VEDLIKEHALD AV FYLKESVEGANE | 19 |
| Driftskontraktar i Hordaland..... | 20 |
| ÅRSOPPGJERET | 22 |
| VEDLEGG | 23 |

Foto: Der ikkje anna er nemnt: Hordaland fylkeskommune, Statens vegvesen
Framsidedfoto: Vegopning Stokkabekken-Siggjavåg
Grafisk utforming: kristinkom.no

Føreord

Fylkesvegnettet strekkjer seg over om lag 3 000 km veg og meir enn 200 km gang- og sykkelveg og har stor variasjon i standard og årsdøgntrafikk (ÅDT). Utfordringane i indre del av fylket er ofte knytt til ras- og flaumfare, vinterdrift og å sikre tenlege transportårer mellom dei ulike regionsentera. I kommunane langs kystlinja er det særleg mykje trafikk, og her har ein eit spesielt fokus på god trafikkflyt og framkome for alle typar trafikantar. Dette gjeld ikkje minst i Bergensområdet, der Bergen og kommunane rundt deler eit felles bu- og arbeidsområde. For investeringar på fylkesvegnettet i Bergen, jf. Bergensprogrammet, er det utarbeidd ei eiga årsmelding.

Hordaland fylkeskommune sin Regional transportplan Hordaland (RTP) er gjeldande for perioden 2013-2024 og har tilhøyrande handlingsprogram for 2015-2017. Desse dokumenta legg rammene for det som skjer på fylkesvegnettet i Hordaland, og er soleis fylkeskommunen sin gjennomføringsplan for perioden. I dei årlege plan- og byggeprogramma vert detaljane for investeringsbudsjettet sett. Plan- og byggeprogram for fylkesvegnettet i Hordaland (utanom Bergen) vart vedteke av fylkestinget 13. desember 2016 og hadde ei totalramme på 978 mill. kr, der den fylkeskommunale løyvinga var på 721 mill. kr. Budsjettet for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet vart også vedteke av fylkestinget 13. desember 2016 og var på 500 mill. kr. Dette budsjettet gjeld heile fylkesvegnettet inkludert Bergen kommune.

Rekneskapen viser at det vart eit mindreforbruk på investeringar utanom Bergen på 113,9 mill. kr, medan det vart eit meirforbruk på drift og vedlikehald på vel 64 mill. kr.

I 2017 mista tolv personar livet på vegane i vårt fylke. Dette er lågare enn gjennomsnittet dei siste ti åra, men det er fleire enn dei tre føregåande åra. Av dei tolv som omkom, var det seks på fylkesvegnettet. Trafikkulukkesstatistikken viser at særleg utforkøyrings- og møteulukker dominerer i Hordaland utanom Bergen, og innsatsen for desse ulukkestypane bør aukast.

Denne årsmeldinga er delt i to, der fyrste del er ein omtale av planlagde og gjennomførte prosjekt på fylkesvegane utanom Bergen i 2017. Desse investeringstiltaka omhandlar alt frå etablering av nye venteskur, bygging av gang- og sykkelveg til store tunnelprosjekt. Totalt omfattar dette om lag 2 600 km fylkesveg. Den andre delen av årsmeldinga gjeld drift og vedlikehald av alle fylkesvegane i Hordaland. I denne omtalen er fylkesvegane i Bergen kommune inkludert.

Gjennom sams vegadministrasjon er Statens vegvesen underlagt fylkeskommunen i saker som gjeld fylkesvegnettet, og med det har også Statens vegvesen det utøvande ansvaret for investeringar, drift og vedlikehald på fylkesvegane. I nokre få høve er det andre, gjerne kommunane, som er byggherre på investeringsprosjekta. Statens vegvesen godkjenner at anlegg er i tråd med forskrifter og regelverk før dei overtek vegen. Utarbeidinga av denne årsmeldinga har skjedd i nært samarbeid med Statens vegvesen.



Rune Haugsdal
Fylkesrådmann i Hordaland fylkeskommune

Total produksjon i 2017

Etter budsjettjusteringar utgjorde ramma for investeringstiltak på fylkesvegane i Hordaland utanom Bergen 888 mill. kr. Av dette utgjorde den fylkeskommunale løyvinga 619 mill. kr. Det vart sett av 426,2 mill. kr til drift og 73,5 mill. kr vedlikehald i årsbudsjettet for 2017. Dette gjeld heile Hordaland.

Rekneskapen viser eit totalt forbruk på 774,2 mill. kr til investeringstiltak på fylkesvegnettet utanom Bergen. Dei seinare åra er det etablert fleire bompengepakkar, og mange av investeringane på fylkesvegnettet er med det delvis finansiert med bompengar. I 2017 omfatta dette totalt 189,8 mill. kr av investeringane utanom Bergen. Det vart nytta 581,7 mill. kr til drift og vedlikehald på fylkesvegnettet i heile Hordaland, noko som er eit meirforbruk på vel 64 mill. kr samanlikna med det endelege budsjettet.

Vedtak 13.12.2016:

Investeringsbudsjett

Hordaland ekskl. Bergen

978 mill. kr


av dette fylkeskommunal løyving
721 mill. kr

Drift og vedlikehald

Hordaland inkl. Bergen

499,7 mill. kr

Figur 1: Fordeling mellom investering, drift og vedlikehald i budsjettet



Mål og strategiar

I Regional transportplan Hordaland 2013-2024 (RTP) er det sett mål for transportfeltet i Hordaland.

Regionale mål for transportfeltet i Hordaland

- Transporttilbodet skal bidra til positiv verdiskaping og sikre robuste bustad- og arbeidsmarknadsregionar.
- Bergensområdet skal ha eit transportsystem og eit utbyggingsmønster som gjev god tilgjenge til viktige reisemål og effektiv transport for brukarane.
- I distrikta skal transporttilbodet gje betre framkome og reduserte avstandskostnader.
- Transporttilbodet skal bidra til å betre trafikktryggleik og å redusere risikonivå, med særleg vekt på skredsikring.
- Transporttilbodet skal bidra til å oppnå viktige klima- og miljøpolitiske mål.
- Transporttilbodet skal bidra til å sikre tilgjenge for alle (universell utforming).

Prioriteringar i handlingsplanperioden 2013-2017


- Markert styrking av tiltak for å ta vare på det eksisterande vegnettet.
- Gjennomføring av allereie prioriterte prosjekt.

Hovudmålet for trafikksikringsarbeidet i Hordaland er sett i samsvar med det nasjonale målet. Målet er at talet på drepne og hardt skadde i vegtrafikken i Hordaland skal reduserast frå 85 i 2012 til 47 i 2024. Dette inneber samtidig at målet for 2018 vert ein reduksjon i talet på drepne og hardt skadde til 64 personar.

Nullvisjonen om eit transportsystem som ikkje fører til drepne eller hardt skadde, ligg fast. Sjølv om det er ein relativt stor nedgang i talet på drepne og hardt skadde på vegane i Hordaland sidan 2000, har fylket utfordringar når det gjeld å få ned ulukkestaten. I Hordaland utanom Bergen er det absolutt størst utfordringar knytt til utforkøyrings- og møteulukker. Talet på drepne i trafikken på vegane i Hordaland i 2017 var tolv personar, og av desse omkom seks personar på fylkesvegnettet.

Det er formulert klare ambisjonar i både NTP og RTP om at veksten i persontransport i storbyområda skal takast med kollektivtransport, sykkel og gonge.

Når det gjeld tal for kollektivtrafikken, viser passasjerstatistikken for 2017 at talet på kollektivreisande i Hordaland framleis er i vekst. I 2017 var det 70 mill. påstigande på buss, bybane og båt i Hordaland. I 2016 viste statistikken for Hordaland 56,4 millionar kollektivreisande. Den prosentvise auken er på 24 prosent, men brorparten av denne endringa skuldast ny teljemetode. Dersom ein reknar reisetal etter same metode som før, er auken frå 2016 til 2017 på om lag 5 prosent. Totalt var det 8,3 mill. påstigande i Hordaland utanom Bergen. I driftskontraktane utanom Bergens-området utgjer skulereiser i gjenomsnitt om lag halvparten av alle kollektivreiser.



Figur 2: Målkurve for Hordaland 2014-2024

Merkedagar i 2017

VÅR

17. februar:

Fv. 158 Lepsøyvegen vart opna

14. mars:

Fv. 540 Fyllingsdalsvegen med kollektivfelt og gang- og sykkelveg vart opna

14. juni:

Fylkestinget vedtok Regional transportplan Hordaland 2018-2029.



27. juni:

Fv. 542 Stokkabekken-Siggjarvåg i Bømlopakken vart opna



28. juni:

Fv. 209 Storskaret-Arefjord vart opna

HAUST

7. september:

Fv. 546 ved Kirkevoll skule vart opna (bilete 2)



November:

Kjell-Magne Seim fekk trafikksikringsprisen 2017 for «Prosjekt Børvenestunnelen 2017»



12. desember:

Fylkestinget vedtok budsjetta for 2018 og investeringsprogram for fylkesvegnettet 2018-2029.




Resultat frå året som gjekk

STORE, STREKNINGSVISE PROSJEKT

I fylkesvegbudsjettet vart det sett av 288 mill. kr fylkeskommunale kroner til store, strekningsvise prosjekt på fylkesvegnettet utanom Bergen. I tillegg kjem bompengar

og tilskot, som totalt gav 506 mill. kr til disposisjon. Rekneskapen viser eit totalforbruk på 459 mill. kr.



Kart 1: Store strekningsvise prosjekt

Tabell 1: Store strekningsvise prosjekt

| Nr | Fv. nr | Prosjekt | Kommune |
|----|---------|----------------------------------|----------------|
| 1 | Fv. 545 | Stord vestside | Stord / Fitjar |
| 2 | div. | Kvammapakken | Kvam |
| 3 | div. | Bømlopakken | Bømlo |
| 4 | div. | Askøypakken | Askøy |
| 5 | div. | Nordhordlandspakken | Fleire |
| 6 | Fv. 6 | Haugalandspakken, Sveio - Buamyr | Sveio |
| 7 | Fv. 209 | Storskaret - Arefjordpollen | Fjell |

| Nr | Fv. nr | Prosjekt | Kommune |
|----|---------|------------------------|----------------|
| 8 | Fv. 158 | Grindavoll - Lepsøy | Os |
| 9 | div. | Kollektivterminal Voss | Voss |
| 10 | Fv. 546 | Austevollbrua | Austevoll |
| 11 | Fv. 562 | Askøybrua, gjerde | Askøy / Bergen |
| 12 | Fv. 161 | Åsen - Helleskaret | Os |

Stord vestside



Totalt
135
mill. kr

2017
51,1
mill. kr


Føremålet med denne bompengepakken er å utbetre fv. 545 mellom Fitjar og Sagvåg. Prosjektet inneber opprusting av veg og bygging av gang- og sykkelveg frå Fitjar sentrum til Vik, utbetringar ved kommunegrensa, ny bru i Sagvåg og utbetringstiltak i Sagvåg sentrum.

Innkrevjinga av bompengar fann stad i åra 2013–2016, og det vart totalt kravd inn nær 94 mill. kr (netto). I tillegg kjem fylkeskommunal løyving og forskottering på 17,5 mill. kr, samt meirverdiavgift. Heile prosjektet har med det ei ramme på vel 135 mill. kr i løpande kroner.

Vegutbetringa langs Fitjar–Rimbareid og ny Sagvåg bru er ferdigstilt. I 2017 har det vore bygging på fv. 545 Rimbareid–Vik og i Sagvåg sentrum. I Fitjar sentrum er byggeplanen under arbeid og kan truleg lysast ut våren 2018. Reguleringsplanlegging pågår for fv. 545 ved kommunegrensa og er venta godkjent i 2018.



Sagvåg bru før og etter



Kart 2: Prosjekt Stord vestside

Tabell 2: Status i prosjekta på Stord vestside

| Nr | Prosjekt | Type tiltak | Status 2017 |
|----|-----------------------------------|-----------------------------------|-----------------------|
| 1 | Fv. 545 Fitjar - Rimbareid | Vegutbetring, gang- og sykkelveg | Ferdig |
| 2 | Fv. 545 Sagvåg bru | Ny bru | Ferdig |
| 3 | Fv. 545 Kommunegrensa | Vegutbetring | Reguleringsplan pågår |
| 4 | Fv. 545 Rimbareid - Vik | Vegutbetring, gang- og sykkelveg | Under bygging |
| 5 | Fv. 545 Restarbeid Fitjar sentrum | Vegutbetring | Prosjektering |
| 6 | Fv. 545 Sagvåg sentrum | Vegutbetring, fortau, rundkøyring | Under bygging |

Tabell 3: Innkravde bompengar

| | Mill.kr. |
|-----------------------------------|-------------|
| Innkravde bompengar i 2013 | 23,9 |
| Innkravde bompengar i 2014 | 25,6 |
| Innkravde bompengar i 2015 | 22,7 |
| Innkravde bompengar i 2016 | 23,3 |
| Totalt innkravde bompengar | 95,5 |

(bompengeinnkrevinga vart avslutta i 2016)

Kvammapakken




Totalt
440
mill. kr

2017
54,9
mill. kr

Føremålet med bompengepakken er å utbetre og sikre delar av vegnettet i Kvam herad. Kvammapakken omfattar ni delprosjekt og tiltak på fv. 7 og fv. 49 og er finansiert med fylkeskommunale midlar og bompengar. Bompengepakken omfattar mellom anna opprusting av veg og gang- og sykkelveg mellom Øystese og Norheimsund og mellom Norheimsund og Vikøy. Det vert med dette etablert gode gang- og sykkeløysingar heilt frå Børvenestunnelen til Vikøy, samstundes som framkome for biltrafikken er betra.

I 2017 vart strekninga fv. 7 Nes–Norheimsund nesten slutført,– berre nokre mindre arbeid står att på den siste delstrekninga. Det har også vore arbeid på strekninga fv. 7 Skarpasvingen–Øystese, men det er ikkje midlar til å fullføre heile prosjektet. Fylkeskommunen bidreg med totalt 12 mill. kr. til Kvammapakken utover ramma i stortingsproposisjonen.



Kart 3: Kvammapakken



Lingaparsellen

Tabell 4: Status prosjekt i Kvammapakken

| Nr | Prosjekt | Type tiltak | Status 2017 |
|----|---------------------------------------|-------------------------------------|----------------------|
| 1 | Fv. 7 Øystese - Nes, Børvenestunnelen | Tunnel, rundkøyring, ny veg | Ferdig |
| 2 | Fv. 49 Vikøy - Norheimsund | Utviding av veg, gang- og sykkelveg | Ferdig |
| 3 | Fv. 7 Bosstippen | Utviding av veg, rassikring | Manglar finansiering |
| 4 | Fv. 7 Steinstøberget | Utviding av veg, rassikring | Manglar finansiering |
| 5 | Fv. 7 Øystese aust - Skarpasvingen | Utviding av veg, fortau, tunnel | Delvis utført |
| 6 | Fv. 7 Nes - Norheimsund | Utviding av veg, fortau | Ferdig |
| 7 | Fv. 49 Lingaparsellen | Utviding av veg, busslommer | Ferdig |
| 8 | Fv. 7 kryss Granvin | Kollektivtiltak, infoplass | Delvis utført |
| 9 | Fv. 7 Kvamskogen | Utviding av veg, gang- og sykkelveg | Manglar finansiering |

| | Mill.kr. |
|-----------------------------------|--------------|
| Innkravde bompengar i 2011 | 29,2 |
| Innkravde bompengar i 2012 | 27,0 |
| Innkravde bompengar i 2013 | 27,2 |
| Innkravde bompengar i 2014 | 29,9 |
| Innkravde bompengar i 2015 | 29,4 |
| Innkravde bompengar i 2016 | 31,2 |
| Innkravde bompengar i 2017 | 31,8 |
| Totalt innkravde bompengar | 205,7 |

Tabell 5: Innkravde bompengar Kvammapakken

Bømlopakken



Totalt
1003
mill. kr

2017
106,9
mill. kr

Føremålet med Bømlopakken er å gje betre framkome og eit meir trafikksikkert vegnett på Bømlo. Dette er ein stor bompengepakke med mange ulike prosjekt. Dei fleste prosjekta er på fv. 541 og fv. 542. Kostnadsramma i stortingsproposisjonen for Bømlopakken var på 1 003 mill. 2009-kr. Prosjektet er finansiert av fylkeskommunen, bompengar og lokale og kommunale tilskot.

Det største prosjektet i Bømlopakken, fv. 542 Stokkabekken-Siggjarvåg, vart opna for trafikk i 2017, saman med fv. 542 Røyksund (nord). Samstundes vart det bygd på fv. 541 Tjong-Løvegapet og fv. 19 Rubbestadneset-Rolfnsnes og prosjektering på fv. 541 Sakseid-Hestaneset.



Vegopning Stokkabekken - Siggjavåg


Tabell 6: Innkravde bompengar

| | Mill.kr. |
|----------------------------|----------|
| Innkravde bompengar i 2013 | 34,4 |
| Innkravde bompengar i 2014 | 49,8 |
| Innkravde bompengar i 2015 | 47,9 |
| Innkravde bompengar i 2016 | 56,6 |
| Innkravde bompengar i 2017 | 60,3 |

Totalt innkravde bompengar 249,0

| Nr | Prosjekt | Type tiltak | Status 2017 |
|----|--|--------------------------------|-------------|
| 1 | Fv. 541 Langevåg - Løvegapet | Vegutbetring og trafikksikring | Ferdig |
| 2 | Fv. 11 Langevåg - Eidesvik | Vegutbetring og trafikksikring | Ferdig |
| 3 | Fv. 542 Hollundskjosen - Hollundsdalen | Vegutbetring og GS-veg | Ferdig |
| 4 | Fv. 541 Rundkøyring Rubbestadneset | Vegutbetring og GS-veg | Ferdig |
| 5 | Fv. 541 Hollundsdalen - Stokkabekken | Vegutbetring og GS-veg | Ferdig |
| 6 | Fv. 541 Stokkabekken - Rubbestadneset | Ny veg, GS-veg, tunnel og bru | Ferdig |
| 7 | Fv. 542 Svortland - Økland | Vegutbetring, ny veg, GS-veg | Ferdig |
| 8 | Fv. 542 Stokkabekken - Siggjarvåg | Ny veg, toplanskryss | Ferdig |
| 9 | Fv. 542 Røyksund - Eikeland (sør) | Vegutbetring, GS-veg, bru | Ferdig |
| 10 | Fv. 542 Røyksund - Eikeland (nord) | Vegutbetring, GS-veg, bru | Ferdig |
| 11 | Fv. 18 Urangsvåg - Brandasund (Klubbo) | Vegutbetring, fortau | Ferdig |
| 12 | Fv. 18 Laukhammarkjosen - Urangsvåg | Vegutbetring, fortau | Ferdig |

Tabell 7: Status prosjekt i bømlopakken (fortset på neste side)



Kart 4: Bømlopakken


| Nr | Prosjekt | Type tiltak | Status 2017 |
|----|----------------------------------|------------------------------|----------------------|
| 13 | Fv. 541 Hestaneset - Tjong | Vetutbetring, ny veg, bru | Ferdig |
| 14 | Fv. 541 Tjong - Løvegapet | Vegutbetring, GS-veg | Under bygging |
| 15 | Fv. 19 Rubbestadneset - Rolfsnes | Breiddeutviding, møteplassar | Under bygging |
| 16 | Fv. 541 Sakseid - Hestaneset | Vegutbetring, GS-veg, tunnel | Prosjektering |
| 17 | Fv. 541 Ekornsæter - Sakseid | Vegutbetring, GS-veg, tunnel | Manglar finansiering |
| 18 | Fv. 12 Sakseid - Grønnevik | Breiddeutviding, møteplassar | Manglar finansiering |
| 19 | Fv. 542 Notland - Mosterhamn | Vegutbetring, GS-veg | Manglar finansiering |
| 20 | Fv. 23 Tormodsæter - Gilje | Breiddeutviding, møteplassar | Manglar finansiering |

Askøypakken



Føremålet med denne bompengepakken er å gje betre trafikkflyt og eit meir trafikksikkert vegnett på Askøy. Askøypakken er ein stor og omfattande pakke med mange ulike prosjekt. Kostnadsramma i stortingsproposisjonen for Askøypakken var på 1 300 mill. kr 2012-kr. Fylkeskommunen sitt bidrag i pakken er på 200 mill. kr utan å rekne med meirverdiavgifta.

Gjennom 2017 har prosjektet fv. 212 Lindhaugen–Slettebrekka vore under bygging. Fv. 563 Strømsnes–Hop og dei første kollektivtiltaka vart også lyst ut. Reguleringsplanen for det største prosjektet i Askøypakken, fv. 562 Lavik–Haugland, vart stadfesta, og det har vore prosjektering og grunnerverv på fleire prosjekt.



Tabell 8: Status prosjekt i Askøypakken

Kart 5: Askøypakken

| Nr | Prosjekt | Type tiltak | Status 2017 |
|----|-----------------------------------|------------------------------------|------------------------------|
| 1 | Fv 563 Florvåg-Erdal (Bakarvågen) | Vegutviding, fortau | Ferdig |
| 2 | Fv 563 Strømsnes-Hop | Vegutviding, fortau | Under utlysing |
| 3 | Fv 212 Lindhaugen-Slettebrekka | Vegutviding, fortau | Under bygging |
| 4 | Fv 212 Slettebrekka-Hetlevik | Ny veg, gang- og sykkelveg, tunnel | Reguleringsplanlegging pågår |
| 5 | Fv 562 Lavik-Haugland | Vegutviding, fortau | Reguleringsplan føreligg |
| 6 | Fv 213 Skiftesvik-Marikoven | Vegutviding, fortau | Prosjektering |
| 7 | Fv 562 Strusshamnkruset | Rundkøyring | Ferdig |
| 8 | Fv 216 Skansen (Kleppe) | Vegutviding, fortau | Ferdig |
| 9 | Fv 562 Fromreide-Kjerrgarden | Vegutviding, fortau | Reguleringsplan føreligg |
| 10 | Fv 562 Fauskanger sør | Vegutviding, fortau | Reguleringsplan føreligg |
| 11 | Kollektivtiltak | Kollektivtiltak | Under utlysing |
| 12 | Andre tiltak | Ikkje definert | Ikkje starta |

Tabell 9: Innkravde bompengar Askøypakken

| | Mill.kr. |
|-----------------------------------|--------------|
| Innkravde bompengar i 2014 | 17,1 |
| Innkravde bompengar i 2015 | 91,0 |
| Innkravde bompengar i 2016 | 84,8 |
| Innkravde bompengar i 2017 | 93,9 |
| Totalt innkravde bompengar | 286,8 |




Fv. 212 Lindhaugen - Slettebrekka (foto: Geir Brekke)

Nordhordlandspakken



Føremålet med Nordhordlandspakken er å betre vegnettet i Nordhordland med tanke på framkome og trafikktryggleik. Det er lagt opp til bygging av gang- og sykkelveg, styrke kollektivtrafikken og leggje til rette for meir miljøvennlege transportløyisingar. Kostnadsramma for pakken er på 1 500 mill 2017-kr, fordelt på 280 mill. kr. fylkesmidlar, 1 160 mill. kr. i bompengar og 60 mill. kr i statlege midlar.

Nordhordlandspakken vart stadfesta i Stortinget i november 2017. Gjennom 2017 har det også vore prosjektering på prosjekta fv. 565 Marås-Soltveit og E39 Knarvik sentrum, og fleire reguleringsplanar er under arbeid.



Tabell 10: Status prosjekt i Nordhordlandspakken

Kart 6: Nordhordlandspakken

| Nr | Prosjekt | Type tiltak | Status 2017 |
|----|--|---------------------------------------|--------------------------|
| 1 | Fv 565 Marås-Soltveit | Ny veg | Prosjektering |
| 2 | Fv 57 Knarvik - Isdalstø | Prosjektering og grunnerv | Reguleringsplan føreligg |
| 3 | Fv 245 Fosse-Moldekleiv | Vegutbetring, gang- og sykkelveg | Reguleringsplan pågår |
| 4A | Fv 564 Fløksand-Vikebø | Vegutbetring, gang- og sykkelveg | Reguleringsplan pågår |
| 4B | Fv 564 Undergang Holme | Punktutbetring og trafiksikring | Prosjektering |
| 5 | Fv 564 Frekhaug-krysset inkl. utbetring fv 244 | Punktutbetring og trafiksikring | Reguleringsplan pågår |
| 6 | E39 Knarvik sentrum | Firefelts veg og ny rundkjøring, mv. | Prosjektering |
| 7 | E39/fv 57 Kollektivtrafikk-tiltak og innfartsparkering | Park & Ride | Reguleringsplan pågår |
| 8 | Fv 565 (Austrheim) | Vegutbetring og trafiksikring | Under utgreiing |
| 9 | Fv 570 (Masfjorden) | Vegutbetring og trafiksikring | Under utgreiing |
| 10 | Fv 423 (Fedje) | Vegutbetring og trafiksikring | Under utgreiing |
| 11 | Fv 569 (Modalen) | Vegutbetring og trafiksikring | Under utgreiing |
| 12 | Fv 564 Fosse-krysset | Trafiksikring | Reguleringsplan pågår |
| 13 | Fv 409 Manger sentrum | Kollektivtiltak og tettstadsutvikling | Reguleringsplan føreligg |
| 14 | Fv 57 Vatnekrysset | Trafiksikring | Reguleringsplan føreligg |
| 15 | E39 Molvik-krysset | Trafiksikring | Reguleringsplan pågår |
| 16 | Fv 565 Lindås grense - Sæbø skule | Vegutbetring, gang- og sykkelveg | Reguleringsplan pågår |
| 17 | E39 Vikane - Eikangervågen | Vegutbetring, gang- og sykkelveg | Reguleringsplan føreligg |
| 18 | Fv 564 Sandskaret -Holme | Vegutbetring, gang- og sykkelveg | Ikkje starta |
| 19 | Fv 565 Hilland - Radøy grense | Vegutbetring, gang- og sykkelveg | Reguleringsplan føreligg |
| | Ramme til prosjekt og tiltak (Lindås og Meland) | | Ikkje starta |

Andre strekningsvise prosjekt

Ei rekkje andre større fylkesvegprosjekt var under arbeid i 2017. Status for desse prosjekta er lista opp i tabellen under.

Tabell 11: Status andre strekningsvise prosjekt

| Fv. Nr | Prosjekt | Type tiltak | Status 2017 | Venta ferdig |
|---------|------------------------------------|-----------------------------|---------------|--------------|
| Fv. 209 | Storskaret - Arefjordpollen, Fjell | Ny veg, GS | Ferdig | Ferdig |
| Fv. 158 | Grindavoll - Lepsøy, Os | Vegutbetring, GS, kollektiv | Ferdig | Ferdig |
| - | Kollektivterminal Voss | Kollektiv | Prosjektering | 2019 |
| Fv. 546 | Austevollbrua | Tilskot | Ferdig | Ferdig |
| Fv. 562 | Askøybrua, gjerde | Gjerde, opprusting | Ferdig | Ferdig |
| Fv. 161 | Åsen - Helleskaret, Os | Ny veg | På vent | |

RASSIKRING



I 2013 fekk Hordaland fylkeskommune tilsegn om 308 mill. 2014-kr til skredsikring frå staten for perioden 2014-2017. Dette er eit netto tilskot. Fylkeskommunen løyver og får refundert meirverdiavgifta i kvart prosjekt. I tillegg har Hordaland fylkeskommune løyvd eit vesentleg beløp i perioden for å sikre tilstrekkeleg finansiering til fullføring av rassikringsprosjekta. Det vart realisert to store prioriterte prosjekt i perioden 2014-2017, begge på fv. 7, Haukanesberget (Folkedalstunellen), som opna i 2015, og Lussandberget (Bjørgatunellen), som opna i 2016.

I 2017 var det justerte budsjettet til rassikring 72,3 mill. kr. Totalt vart det brukt 54,9 mill. kr. inkl. mva. Det meste gjekk til avsluttande arbeid på prosjektet fv. 7 Lussandberget. I tillegg har det vore arbeid på fv. 344 Oddaneset.

Bjørgatunellen (Lussandberget)



Prosjektet Bjørgatunellen (Lussandberget) opna for trafikk 16. november 2016. Føremålet med dette prosjektet i Granvin herad var å løyse skredproblematikken på strekninga. Totalt er strekninga 2,4 km lang. I 2017 er det gjort avsluttande arbeid på prosjektet. I samråd med Nasjonale turistvegane ser ein på moglegheitene for å reetablere rasteplassen i nærleiken av Lussand. Rasteplassen vart sanert under bygginga av prosjektet, men kan om mogleg byggast opp att i 2018.



Furebergfossen

Fv. 551 ved Furebergfossen står øvst på behovslista over rassikringstiltak for fylkesvegane i Hordaland. Tilrådd løysing er å bygge ny bru som sikrar mot nedfall frå fossen. Reguleringsplanen vart stadfesta hausten 2017, og arbeidet har teke lengre tid enn venta som følgje av krav om utgreiingar frå NVE. Venta byggestart er i 2018.

MINDRE UTBETRINGER



Det vart nytta 23,7 mill. kr til mindre utbetringar i 2017. I stor grad er dette ulike samarbeidsprosjekt i lag med kommunane.

Tabell 12: Status mindre utbetringar

| Fv. nr | Prosjekt | Type tiltak | Status 2017 |
|---------|---------------------|-------------|---------------|
| Fv. 229 | Nautnes bru | Øygarden | Under bygging |
| Fv. 48 | Hellandskryssset | Kvinnherad | Under bygging |
| Fv. 201 | Eide - Spildepollen | Sund | Ferdigstilt |
| Fv. 107 | Jondal servicebygg | Jondal | Under bygging |
| Fv. 565 | Fonnes | Austrheim | Ferdigstilt |
| Div | Strakstiltak | Kvinnherad | Under bygging |

Vegopning Bjørgatunellen (Foto: Statens vegvesen)

Programområde



Figur 3: Rekneskapstal planområda 2017

I Plan- og byggeprogram for fylkesvegane i Hordaland utanom Bergen (2017) vart det løyvd totalt 80 mill. kr til programområda; kollektivtiltak, trafikksikringstiltak, gang- og sykkeltiltak, miljøtiltak, planlegging og grunnerverv. Nokre prosjekt er forseinka, og nokre av midlane er gått til utbetaling til prosjekt frå 2016. Det er også omdisponert midlar til nye tiltak når det er varsla mindreforbruk på vedtekte prosjekt. Rekneskapstala viser at det vart nytta 107,9 mill. kr.

KOLLEKTIVTILTAK



Det vart nytta 23,0 mill. kr innanfor dette programområdet til å utbetre haldeplassar, leskur, snuplassar for buss, terminalar og knutepunkt. Særleg krav til universell utforming og mål om betre trafikktryggleik er viktige omsyn ved prioritering av tiltak. Det er særskilt behova for trygge skuleveggar, gjennom gode haldeplassar for skuleborn, som vert prioritert. Spesielt viktig er haldeplassar/ knutepunkt som er mykje brukt og der trafikktryggleiken er utsett.

Det er eit stort behov for leskur på fylkesvegnettet i Hordaland. Dette behovet endrar seg gjerne i takt med ruteendringar i kollektivtrafikken og endringar i skulestrukturen, og er med det eit kontinuerleg arbeid.

Etablering av snuplassar og -sløyfer har fått eit større fokus enn tidlegare. Desse er etablerte i samråd med Skyss og operatørar i dei ulike rutepakkane. Tiltaka gjeld trafikktryggleik og effektivitet i drifta for operatørane. Det vart mellom anna etablert snusløyfe på Feste kai i Lindås i 2017.

TRAFIKKSIKRINGSTILTAK



Det vart i 2017 nytta 24,1 mill. kr til mindre trafikksikringstiltak. I tillegg vart sett av 20 mill.kr. til ein tilskotsordning, der kommunane kunne søkje om tilskot til punktutbetring og trygge skuleveggar. Hovudformålet med trafikksikringstiltaka er å redusere ulukker med mjuke trafikantar, utforkøyrings- og møteulukker.

Nullvisjonen ligg til grunn for alt trafikksikringsarbeid, og det er særleg merksemd på reduksjon i drepne og hardt skadde. I *Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017* er trafikksikringsarbeidet i kommunane, møteulukker utanfor tettbygde strom og mjuke trafikantar i byområde dei tre særskilte satsingsområda.



Trafikksikringsfilmen «Serøst! Ikkje køyr for fort. Ikkje køyr i rus. Berre ikkje gjer da!»
<https://www.youtube.com/watch?v=-m4saU8DMzI>

GANG- OG SYKKELTILTAK



Det vart nytta 24,8 mill. kr. til gang- og sykkeltiltak i 2017. Statlege sykkelmidlar utgjer ein vesentleg del av løyvinga til gang- og sykkeltiltak og utgjorde i underkant av 15 mill. kr i 2017. Det er stor trong for gang- og sykkeltiltak, og små og mellomstore tiltak vert prioriterte innanfor denne programposten. Større og samansette tiltak må prioriterast som sjølvstendige prosjekt.

Gang- og sykkeltiltak er arealkrevjande utanfor eksisterande veg, og det kan være utfordrande å avklare slike prosjekt sjølv om det er små prosjekt. Det er ofte trong for reguleringsplan. Skal ein fyrst lage reguleringsplan, er det hensiktsmessig å ta med ei større strekning for å sikre areal for framtida, – noko som skapar forventningar om at det skal nyttast meir midlar enn det er dekning for på programområda. Det er difor krevjande å prioritere dei rette tiltaka under denne programposten.

MILJØTILTAK



Det vart nytta 4,2 mill. kr til mindre miljøtiltak som opprusting av miljøgater, rasteplassar og støydempende tiltak i 2017. Arbeidet med Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021 og tilhøyrande tiltaksprogram kjem også inn under dette programområdet.

Dei største tiltaka i 2017 var tiltak etter vassforskrifta. I Angeltveitvassdraget, Vågeelva og Grutlebekken har fylkesvegen tidlegare vore eit vandringshinder for sjøaure, men gjennom miljøtiltaka kan sjøaure lettare vandre opp vassdraga.




Sjøaure i Angeltveitvassdraget i Hordaland i 2012.
Foto: Gisle Sverdrup, NJFF



Gang og sykkeltiltak, foto: Morten Wanvik

Prosjekt under planlegging

Det var totalt nytta 21,2 mill. kr til planlegging i 2017. Kartet og tabellen under viser tiltaka.



Tabell 13: Prosjekt under planlegging (fortset på neste side)

| Nr | Fv. nr | Planprosjekt | Type tiltak | Status | Ansvar |
|----|--------|---|-------------------------------------|-------------------------|--------|
| 1 | 6 | Grimstveit-Sveio sentrum, Sveio | Vegutbetring, GS | Reguleringsplan starta | SVV |
| 2 | 47 | Sveio - Nordre avkjørsel til Sveio sentrum, Sveio | Utbetring av kryss, busslomme og GS | Reguleringsplan starta | SVV |
| 3 | 19 | Rubbestadneset - Rolvsnes, Bømlo | Vegutbetring | Reguleringsplan vedtatt | SVV |
| 4 | 23 | Tverråna-Alvsvågkrysset, Bømlo | Vegutbetring | Reguleringsplan starta | SVV |
| 5 | 541 | Sakseid - Hestaneset, Bømlo | Vegutbetring, GS og tunnel | Reguleringsplan vedtatt | SVV |
| 6 | 542 | Svortland sentrum | Samanbinding av GS i sentrum | Reguleringsplan starta | SVV |
| 7 | 48 | Skånevik-Nesvåg samt deler av Nesvåg-Tungesvik | Vegutbetring | Reguleringsplan starta | SVV |
| 8 | 67 | Lønning-Sagvåg | Vegutbetring, GS | På vent | SVV |

| Nr | Fv. nr | Planprosjekt | Type tiltak | Status | Ansvar |
|----|--------|--|---|---|----------------|
| 9 | 544/68 | Øvre Sæ-Tysevegen | Ny veg | Reguleringsplan starta | SVV |
| 10 | 545 | Stord vestsida, kommunegrensa Stord/Fitjar | Vegutbetring | Reguleringsplan starta | SVV |
| 11 | 544 | Vabakken - Lerivik sentrum - Ådland bru | Gateoppusting, samanhengander GS, kollektivterminal | Reguleringsplan vedtatt | SVV |
| 12 | 546 | Storebø - Eidsbøen, Austevoll | Vegutbetring, GS | Reguleringsplan startar 2018 | SVV |
| 13 | 57 | Skodvin skule - Vågseid, Lindås | Vegutbetring, GS | Klar til handsaming | SVV |
| 14 | 57 | Lindås - Austrheim grense, Lindås | Vegutbetring, GS | Klar til handsaming | SVV |
| 15 | 565 | Grense Radøy/Lindås til Sæbø skule, Lindås | Vegutbetring, GS | Reguleringsplan startar 2018 | SVV |
| 16 | 564 | Flatøy terminal og innfarts-parkering, Meland | Kollektivknutepunkt | Reguleringsplan starta | SVV |
| 17 | 564 | Fløksand-Vikebø, Meland | Vegutbetring, GS | Reguleringsplan starta | SVV |
| 18 | 245 | Fosse-Moldekleiv inkl.Fossekruset, Meland | Vegutbetring, GS | Reguleringsplan starta | SVV |
| 19 | 564 | Frekhaug-krysset inkl. utbetring Fv. 244, Meland | Punktutbetring og trafikksikring | Reguleringsplan starta | SVV |
| 20 | 562 | Juvik mot Ravnanger (Lavik - Haugland), Askøy | Vegutbetring, GS | Reguleringsplan vedtatt | SVV |
| 21 | | Reguleringsplanar i Kvinnherad-pakken | Rassikring, vegutbetring, GS | Reguleringsplan starta | SVV/Kvinnherad |
| 22 | 7 | Tokagjelet (Steinsdalen - Tokagjelet - Kvamskogen), Kvam | Rassikring, vegutbetring og tunnel | Kommunedelplan starta | SVV |
| 23 | 47 | Områdeplan Ekrene vest, Sveio | Vegutbetring, GS | Reguleringsplan vedtatt | Sveio |
| 24 | 551 | Kolltveit - Austefjorden, Fjell og Sund | Ny veg | Reguleringsplan starta | Fjell/Sund |
| 25 | 561 | GS-veg Kolltveit - Ågotnes, Fjell | Gang- og sykkelveg | Forprosjekt startar 2018 | SVV |
| 26 | 565 | Ny Alversund bru med veg, Lindås | Bru, vegutbetring | Kommunedelplan starta | Lindås / SVV |
| 27 | 570 | Masfjordbrua, Masfjorden | Ny bru | Reguleringsplan vedtatt | SVV |
| 28 | | Ferjesambandet Stord-Kvinnherad | Flytting av ferjeleie på Stord og Kvinnherad | Kommunedelplan starta | HFK |
| 29 | 7 | Planbehov Norheimsund - Granvin, Kvam/Granvin | Vegutbetring, punktutbetring | På vent, tilpassast investeringsprogram | SVV |
| 30 | 551 | Furebergfossen bru, Kvinnherad | Ny bru, vegutbetring | Reguleringsplan vedtatt | SVV |

Nokre store planprosjekt i 2017 vert her omtalt nærare.

Fv. 7 Tokagjelet – utgreie tunnelloysingar, Kvam

Det er utarbeidd eit forprosjekt for ulike løysingar for rasproblematikken i Tokagjelet, og prosessen med kommunedelplan er starta opp. Nokre av alternativa vil løyse utfordringar knytt til framkome mellom Norheimsund og Kvamskogen og trafikksikkerleik på Kvamskogen, og vil soleis ikkje vere rassikringsprosjekt aleine.

Fv. 544 Vabakken–Leirvik sentrum–Ådland bru, gang- og sykkelveg, Stord

Reguleringsplanen vart i 2017 stadfesta av Stord kommune. Planen gjev samanhengande sykkelveg med fortau og gateoppusting gjennom Leirvik, samt kollektivknutepunkt i Leirvik sentrum.

Fv. 57 Lindås–Austrheim grense, gang- og sykkelveg, Lindås

Planen er ferdig og sendt til Lindås kommune for handsaming. Strekninga frå Lindås til Mongstad er ulukkesbelasta, har stor trafikk og ikkje tilstrekkeleg tilbod for mjuke trafikantar.

Fv. 48 Skånevik–Nesvåg, Etne

Grunna arkeologiske undersøkingar vart planforslaget forseinka og ikkje ferdig i 2017. Målet med planen er vegutbetring med fokus på mjuke trafikantar i tettbygde strom, breiddeutviding og utretting av svingar.

Standardhevingstiltak



Standardheving er investeringar med vedlikehaldskaraktar. Bakgrunnen for denne budsjettposten er å redusere forfallet på fylkesvegnettet. I tillegg vert oppgradering av tunnelar etter «Tunnelsikkerhetsforskriften» prioritert. Det vart nytta 125,6 mill. kr. i 2017.

Prioriteringane som er lagde til grunn for standardhevingstiltaka er:

- Gjennomføre dei standardhevingsprosjekta som alt er starta opp
- Trafikksikre og oppretthalde framkoma på vegnettet
- Opprusting av tunnelar over 500 m i samsvar med «Tunnelsikkerhetsforskriften»
- Opprusting av tunnelar med ex-kablar, lys, nødtelefon, styring, ventilasjon, PE-skum, vatnsikring og reinsk
- Opprusting av bruer, murar, kantar, grøfter mv.
- Gjennomføre endringar i skilting og andre naudsynte opprustingstiltak

BRUER OG FERJEKAIAR

Det vart nytta 21,6 mill. kr til bruer og ferjekaiar i 2017. Mange av bruene og ferjekaiane på fylkesvegnettet har trong for opprusting.

TUNNELAR

Det vart nytta 33,9 mill. kr til opprusting av tunnelar i 2017. Hordaland fylkeskommune har pålegg om å oppgradere tunnelane etter «Tunnelsikkerhetsforskriften». Forskrifta vart gjeldande for fylkesvegar frå 2015. Av dei 125 tunnelane på fylkesvegnettet i Hordaland er det 37 tunnelar som fell innanfor utvalskriteria på minimum 500 m med trafikk på meir enn 300 køyretøy pr. døgn. I tillegg er det trong for å oppgradere fleire tunnelar med DAB.

VEGUTBETRING

Det er stor trong for utbetring av murar og kantar for at vegar ikkje skal skli ut. Det er også viktig å utbetre grøfter og stikkrenner slik at vatnet vert drenert bort frå vegkroppen. Det vart nytta i alt 70,1 mill. kr til desse formåla i 2017.

Mykje av fylkesvegnettet er gammalt, og det er eit stort behov for opprusting. Når forfall får fortsette over tid, vert kostnadene til vedlikehald store. Mange enkeltpunkt må utbetrast for at ikkje forfallet skal eskalere.

Bergsdalen før



Bergsdalen etter



Foto: Statens vegvesen

Drift og vedlikehald av fylkesvegane



Store delar av fylkesvegnettet er gammalt, og med aukande trafikk og meir ekstremver, er det eit stort behov for meir midlar til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. I *Strategi for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet fram mot 2029*, som vart vedteke av fylkestinget i desember 2016, vart forfallet rekna til 7,3 milliardar kroner. Ved at forfallet aukar frå år til år, fører det til dårlegare tryggleik på vegnettet og ein kostnadsauke for utbetring av skadane. Estimerte kostnader til drift og vedlikehald for å oppretthalde vedlikehaldsstandarden på fylkesvegenettet, er langt høgare enn den årlege løyvinga.

Eit viktig hovudmål i *Strategi for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet fram mot 2029* er å stoppe veksten i forfallet. Ut frå behovet og dei økonomiske rammene som ligg til grunn, vil dette verte svært krevjande.

Arbeidet med drift og vedlikehald av fylkesvegnettet er styrt gjennom ulike drifts- og fagkontraktar. Ansvarer til å sjå til at vegnettet er operativt, ligg hjå entreprenørane som har desse faste driftskontraktane. I samsvar med strategien har det overordna fylkesvegnettet noko høgare driftsstandard enn resten av vegnettet. I Bergen har til dømes hovudrutene for gang- og sykkelvegane etter kontrakten ein av Noregs beste standardar for vinterdrift.


Gjennom dei faste kontraktane vart det utbetalt 405 mill. kr. Til andre driftsoppgåver, som lys og straum på vegnettet, vart det nytta 72,9 mill. kr. På vedlikehaldssida vart det nytta 14,1 mill. kr til vegoppmerking, 56,9 mill. kr gjekk til nytt dekke, som rakk til 63,7 km asfalt. Det vart nytta 19,5 mill. kr til vedlikehald på nokre av dei 1 134 fylkesvegbrune. Til anna vedlikehald som grøfter, drenering, kantar, murar, tunnelar og skilt, vart det nytta vel 12,9 mill. kr. Tala inkluderer meirverdiavgift.

Hovudmålet i Strategi for drift og vedlikehald


Hordaland fylkeskommune skal ha eit trafikkisikkert og framkomeleg fylkesvegnett. Vedlikehaldet av dagens fylkesvegnett skal styrkast med mål om å stoppe veksten i forfallet. Det skal leggjast vekt på standardheving og klimatilpassa drift og vedlikehald. Drifts- og vedlikehaldsarbeidet skal organiserast og utførast på ein måte som gjev liten økonomisk risiko og har god kvalitet.




Figur 4: Utgifter til drift og vedlikehald i prosent fordelt på hovudtema



Figur 5: Driftsutgifter i prosent fordelt på hovudtema




Figur 6: Utgifter til vedlikehald i prosent fordelt på hovudtema



56,9 mill. kr rakk til 63,7 km med ny asfalt.

1 km nytt dekke = om lag 890 000 kr

DRIFTSKONTRAKTAR I HORDALAND




Kart 8/Tabell 14: Driftskontraktar i Hordaland

| Område | Entreprenør | Kontraktperiode | Rekneskapstal 2017 | Km veglengder | | |
|------------------|--------------------------|-----------------|--------------------|---------------|---------------|-----------------|
| | | | | Totalt | Fv. Hordaland | GS-fv Hordaland |
| | | | i 1000 kr | | | |
| Haugesund *) | Mesta Drift AS | 09.13-08.18 | 6 599 | 662 | 92,6 | 6,3 |
| Indre Ryfylke *) | NCC Roads AS | 09.15-08.20 | 8 398 | 750 | 71,9 | 0 |
| ASOLA | Mesta Drift AS | 09.12-08.18 | 41 257 | 517 | 300 | 47 |
| Stor-Bergen | Stor-Bergen Vegdrift ANS | 09.15-08.20 | 129 442 | 789 | 557 | 6 |
| Nordhordland *) | Presis vegdrift AS | 09.13-08.18 | 43 804 | 836 | 477 | 18 |
| Stord | NCC Roads AS | 09.13-08.19 | 36 557 | 656 | 549 | 46 |
| Voss | Presis vegdrift AS | 09.14-08.19 | 51 633 | 724 | 505 | 16 |
| Hardanger | Mesta Drift AS | 09.16-08.21 | 26 978 | 621 | 359 | 14 |

*) Kontraktssummen i Haugesund, Indre Ryfylke og Nordhordland omfatter også vegnettet i nabofylket

Kart 9: Dekkelegging i Hordaland på riks- og fylkesveg i 2017



Årsoppgjeret

Årsoppgjeret for investeringar for fylkesvegane i Hordaland (utanom Bergen) 2017

Tabell 15: Årsoppgjeret for fylkesvegane i Hordaland (utanom Bergen) 2017

(tal i tusen kr)

| Investeringsprosjekt | Rekneskap | Fylkeskommunale midlar (årets løyving) | Eksterne finansieringskjelder | Til disp 2017 | Avvik (til disp. - rekneskap) |
|--|----------------|--|-------------------------------|-----------------|-------------------------------|
| Strekingsvise prosjekt | 459 487 | -288 000 | -217 947 | -505 947 | -46 460 |
| Rassikring | 54 865 | -61 300 | -11 000 | -72 300 | -17 435 |
| Mindre utbetringar | 23 719 | -20 000 | -24 900 | -44 900 | -21 181 |
| SUM Prosjekt med eige løyving | 538 071 | -369 300 | -253 847 | -623 147 | -85 076 |
| Kollektivtiltak | 22 998 | -18 550 | 0 | -18 550 | 4 448 |
| Trafikksikringstiltak | 24 094 | -26 800 | 0 | -26 800 | -2 706 |
| Gang- og sykkeltiltak | 24 792 | -15 550 | -14 950 | -30 500 | -5 708 |
| Miljøtiltak | 4 152 | -4 750 | 0 | -4 750 | -598 |
| Planlegging | 21 247 | -21 150 | 0 | -21 150 | 97 |
| Grunnerverv | 10 617 | -10 000 | 0 | -10 000 | 617 |
| SUM Programområde | 107 900 | -96 800 | -14 950 | -111 750 | -3 850 |
| SUM Standardhevingstiltak | 125 583 | -150 450 | 0 | -150 450 | -24 867 |
| Rebudsjettering | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Punktutbetring og trygge skulevegar 2016 | 2 659 | -2 750 | 0 | -2 750 | -91 |
| SUM FYLKESVEGAR UTANOM BERGEN | 774 213 | -619 300 | -268 797 | -888 097 | -113 884 |

* Til disp. består av opphavleg løyving og budsjettendringar gjennom året

Årsoppgjeret for drift og vedlikehald 2017 heile Hordaland

Tabell 16: Årsoppgjeret for drift og vedlikehald 2017 heile Hordaland

(tal i tusen kr)

| | Rekneskap | Fylkeskommunale midlar (årets løyving) | Til disp 2017 | Avvik (til disp. - rekneskap) |
|---------------------------------|----------------|--|-----------------|-------------------------------|
| Drift - faste kontrakter | 405 412 | -359 775 | -359 775 | 45 637 |
| Drift - øvrig | 72 916 | -66 445 | -66 445 | 6 471 |
| Sum DRIFT | 478 328 | -426 220 | -426 220 | 52 108 |
| Vegoppmerking | 14 075 | -11 000 | -11 000 | 3 075 |
| Bruvedlikehold | 19 534 | -15 000 | -15 000 | 4 534 |
| Dekkelegging | 56 863 | -56 245 | -56 245 | 618 |
| Vedlikehald - øvrig | 12 949 | -9 247 | -9 247 | 3 702 |
| Sum VEDLIKEHALD | 103 421 | -91 492 | -91 492 | 11 929 |
| SUM DRIFT OG VEDLIKEHALD | 581 749 | -517 712 | -517 712 | 64 037 |

* Til disp. består av opphavleg løyving og budsjettendringar gjennom året

Vedlegg

Status for kollektivtiltak 2017

Tabell 17: Status for kollektivtiltak 2017

| Fv nr | Prosjekt | Kommune | Status |
|---|--|------------|---------------------|
| Terminalar, venterom, knutepunkt, snuplassar | | | |
| 546 | Hufthamar ferjekai | Austevoll | Under bygging |
| 546 | Storebøportalen | Austevoll | Ikkje bygd |
| 564 | Strussvikhovda | Kvinnherad | Utgår |
| 62 | Landa (Halsnøy) | Kvinnherad | Ferdigstilt |
| 404 | Feste kai | Lindås | Ferdigstilt |
| 47 | Ekrene | Sveio | Ferdigstilt |
| 310 | Riovegaskiftet | Voss | Ferdigstilt |
| 651 | Stegavika | Øygarden | Ferdigstilt |
| Oppgradering av haldeplassar | | | |
| 153 | Tarang Aust | Austevoll | Ikkje bygd |
| 546 | Storebø sentrum | Austevoll | Under bygging |
| 546 | Austevollhella byggefelt, retning vest | Austevoll | Under bygging |
| 561 | Avkjørsel mot Solsvik | Fjell | Under prosjektering |
| 48 | Rosendal Fjordhotell | Kvinnherad | Ferdigstilt |
| 48 | Vatne | Lindås | Ferdigstilt |
| 394 | Strandavegen | Lindås | Ferdigstilt |
| 567 | Ved avkj. Røsland | Osterøy | Under prosjektering |
| 7 | Grasdalen | Samnanger | Ferdigstilt |
| 61 | Hagastølen/Øklandvegen | Stord | Ferdigstilt |
| 67 | Gamle Stuva skule | Stord | Ferdigstilt |
| 5 | Urhaugtunet | Sveio | Ferdigstilt |
| 47 | Rophus/Ekrene | Sveio | Ferdigstilt |
| 541 | Gullvegen | Sveio | Ferdigstilt |
| 569 | Eidlandet | Vaksdal | Ferdigstilt |
| 229 | Nordre Sæle | Øygarden | Utgår |
| 561 | Avkjørsel Rongesundvegen | Øygarden | Under prosjektering |
| Busstur | | | |
| | Diverse buskur | | Ferdigstilt |
| Nye tildelingar i løpet av 2017 | | | |
| | Sykkelparkeringshus - Straume terminal | Fjell | Ferdigstilt |
| | Fyllingsnes vegkryss | Lindås | Ferdigstilt |

Status for trafikksikringstiltak 2017

Tabell 18: Status for trafikksikringstiltak 2017

| Fv nr | Prosjekt | Kommune | Status |
|---|--|------------|---------------|
| Trafikksikring - Tiltak etter trafikksikkerhetsinspeksjon | | | |
| 67 | Lønning - Snikkarsvingen | Stord | Ferdigstilt |
| Trafikksikring - Fartsregulering (inkl.sikt-/skiltutbedring) | | | |
| 130 | Tolomarka | Kvam | Ferdigstilt |
| 561 | Spjeld - Ågotnes | Fjell | Under bygging |
| 397 | Eikangervåg | Lindås | Ferdigstilt |
| 7 | Granvin - miljøgate | Granvin | Ferdigstilt |
| Trafikksikring - Sikring av kryssingspunkt | | | |
| 34 | Etne | Etne | Ferdigstilt |
| 552 | Heiane-Eikebakken | Fusa | Ferdigstilt |
| 49 | Norheimsund | Kvam | Ferdigstilt |
| 49 | Tørvikbygd | Kvam | Ferdigstilt |
| 48 | Rosendal | Kvinnherad | Ferdigstilt |
| 7 | Bjørkheim (Sikring av kryssningspunkt) | Samnanger | Ferdigstilt |
| 212 | Idrettsområde Strusshamn | Askøy | Under bygging |
| 546 | Bekkjarvik, fartsregulering | Austevoll | Under bygging |
| 552 | Os sentrum | Os | Ferdigstilt |
| 551 | Odda - Eitrheim (Egne hjem) | Odda | Ferdigstilt |
| 7 | Bjelkarvika | Samnanger | Ferdigstilt |
| 546 | Storebø sentrum TS | Austevoll | Under bygging |
| 61 | Haga | Stord | Ferdigstilt |
| 569 | Stamnes skule | Vaksdal | Ferdigstilt |
| 216 | Øvre Kleppevegen | Askøy | Ikkje bygd |
| Trafikksikring - Siderekkeverk | | | |
| 550 | Fv 550 Herand - Solesnes | Jondal | Ferdigstilt |
| Nye tildelingar i løpet av 2017 | | | |
| | Straktiltak i samsv.med TS-plan, Osterøy | Osterøy | Ferdigstilt |
| 409 | Siktutbedring Radøyvegen-Grindheimsvegen | Radøy | Ferdigstilt |
| 565 | Sinusfresing Alversund-Lunde | Lindås | Ferdigstilt |
| 550 | Hauso | Ullensvang | Ferdigstilt |
| 561 | Morlandstø, sign.regul.gangfelt | Fjell | Ferdigstilt |
| 48 | Dimmelsvik | Kvinnherad | Ferdigstilt |
| 546 | Birkelandskrysset (Storebø) | Austevoll | Under bygging |
| 34 / 48 | Håland - Etne | Etne | Ferdigstilt |

Status for gang- og sykkeltiltak 2017

Tabell 19: Status for gang- og sykkeltiltak 2017

| Fv nr | Prosjekt | Kommune | Status |
|--|---------------------------------------|------------|---------------------|
| 61 | Skrivarvegen - fortau, G/S | Stord | Under bygging |
| 23 | Svortland sentrum, Tverråna | Bømlo | Ferdigstilt |
| 7 | Rekkverk Tysse-Frøland | Samnanger | Ferdigstilt |
| 137 | Hatvikvegen-Vallabrua | Os | Under prosjektering |
| 311 | Gjernesvegen g/s | Voss | Under bygging |
| Nye tildelingar i løpet av 2017 | | | |
| 570 | Sandnes Skule | Masfjorden | Ferdigstilt |
| 7 | Granvin skule, kollektivknutepkt - GS | Granvin | Ferdigstilt |

Status for miljøtiltak 2017

Tabell 20: Status for miljøtiltak 2017

| Fv nr | Prosjekt | Kommune | Status |
|--|----------------------|---------|-------------|
| 210/211 | Angeltveitvassdraget | Fjell | Ferdigstilt |
| 47 | Vågselva | Sveio | Ferdigstilt |
| 541 | Grutlebekken | Bømlo | Ferdigstilt |
| 7 | Kryss Granvin | Granvin | Ikkje bygd |
| Nye tildelingar i løpet av 2017 | | | |
| 48 | Holmefjord | Fusa | Ferdigstilt |

Tilskot til punktutbetring og trygg skuleveg 2017

Tabell 21 Tilskot til punktutbetring og trygg skuleveg 2017

| Kommune | Namn på tiltaket | Tildeling |
|------------|--|-------------------|
| Askøy | Fortau, gangfelt og lys, Erdalsvegen | 2 200 000 |
| Austrheim | Veglys, Mastrevik-Toftegård | 1 270 000 |
| Bømlo | Veglys, Moster | 850 000 |
| Fjell | Utbetring av Ebbesvikvegen | 2 000 000 |
| Kvam | Utbetring av veg, Øystese | 3 500 000 |
| Kvinnherad | Veglys og kantstopp, Løfallstrand | 1 600 000 |
| Masfjorden | Punktutbetring 18 punkt | 2 000 000 |
| Os | Veglys, Åsen | 250 000 |
| Stord | Intensivbelysning Leivik sentrum Kulturhuset | 300 000 |
| Tysnes | Fjellvegen, Onarheim | 1 530 000 |
| Ullensvang | Veglys, Sekse | 2 000 000 |
| Ulvik | Fortau, Tyssevikvegen | 2 000 000 |
| Vaksdal | Mjuka trafikantar, Vaksdal (Duesvingen) | 500 000 |
| SUM | | 20 000 000 |

Status for standardhevingstiltak 2017

Bruer og ferjekaier

Tabell 22: Status for standardhevingstiltak 2017 - bru- og ferjekaier

| Fv nr | Prosjekt | Kommune | Status |
|--|---|------------|---------------------|
| 7 | Hjartå II | Kvam | Under bygging |
| 7 | Kjellerbruene Øystese sentrum | Kvam | Under bygging |
| 585 | Kalfaret | Bergen | Ferdigstilt |
| 382 | Matredalen | Matre | Under prosjektering |
| 48 | Handaland bru, utviding av kurve+rekkverk | Kvinnherad | Under bygging |
| 352 | Revheim | Osterøy | Under prosjektering |
| 565 | Alverstraumen | Lindås | Ferdigstilt |
| 542 | Bømlabrua | Bømlo | Utsett |
| 546 | Hufthamar Fk | Austevoll | Ferdigstilt |
| 200 | Tofterøy | Sund | Under bygging |
| 223 | Herdlesundet | Askøy | Under bygging |
| 34 | Tendal | Etne | Under prosjektering |
| Nye tildelingar i løpet av 2017 | | | |
| 49 | Bru bru | Kvinnherad | Ferdigstilt |

Tunellar


Tabell 23: Status for standardhevingstiltak 2017 - tunellar

| Fv nr | Prosjekt | Kommune | Status |
|--|--|-----------------|---------------|
| 57 | Lyngfjelltunnelen | Lindås | Utsett |
| 7 | Hagaåstunnelen | Samnanger | Under bygging |
| 7 | Liarostunnelen | Samnanger | Under bygging |
| 207 | Bjørøytunnelen | Fjell | Utsett |
| 563 | Florvågtunnelen | Askøy | Ferdigstilt |
| 585 | Rothaugentunnelen | Bergen | Ferdigstilt |
| 540 | Løvestakktunnelen | Bergen | Under bygging |
| 551 | Folgefonnntunnelen | Odda/Kvinnherad | Ferdigstilt |
| 564 | Rantentunnelen | Bergen | Ferdigstilt |
| 57 | Furubergtunnelen | Lindås | Utsett |
| Nye tildelingar i løpet av 2017 | | | |
| 562 | Fv 562 Stongafjelltunnelen-vann-og frostsikring | Askøy | Under bygging |
| 240 | Fv.240 Toppetunnelen, sikre skjæring og rep.av por | Bergen | Ferdigstilt |
| 49 | Bru bru | Kvinnherad | Ferdigstilt |

Vegutbetring

Tabell 24: Status for standardhevingstiltak 2017 - vegutbetring

| Fv nr | Prosjekt | Kommune | Status |
|--|--|-------------|-------------------|
| Div | Rekkverk | Fleire | Ferdigstilt |
| Div | Diverse rekkverk Voss og Hardanger | Fleire | Under bygging |
| Div | Stikkrenner, grøfter | Flerie | Under bygging |
| Div | Forkjørersrett på overordna vegnett Bergensområdet | Fleire | Ferdigstilt |
| Div | Visningsskilt | Fleire | Under planlegging |
| 48 | Løfallstrand | Kvinnherad | Ferdigstilt |
| 313 | Brekkluslia - Ormaset | Voss | Ferdigstilt |
| 312 | Bulken | Voss | Ferdigstilt |
| 309 | Nesheimstunet | Voss | Ferdigstilt |
| 131 | Fykkesund-Porsmyr | Kvam | Ferdigstilt |
| 344 | Bergo og Fosse | Vaksdal | Ferdigstilt |
| | Forsterkning av div. fv. | Voss | Ferdigstilt |
| 314 | Hamlagrø - Dale | Vaksdal | Ferdigstilt |
| 409/565 | Manger | Radøy | Ferdigstilt |
| 379 | Krossleitet - Kalhovda | Masfjorden | Ferdigstilt |
| 404 | Feste kai | Lindås | Ferdigstilt |
| 48 | Flere strekninger Fusa/Kvam | Fusa / Kvam | Ferdigstilt |
| 49 | Tørvikbygd/Eidevik | Kvam | Ikkje bygd |
| 78 | Skaten | Tysnes | Ikkje bygd |
| 550 | Aga - Kråkevik | Ullensvang | Under planlegging |
| | Div. vegar Osterøy, Austevoll, Os, Bergen | Fleire | Ferdigstilt |
| | Div. vegar Øygarden, Fjell, Sund, Askøy | Fleire | Ferdigstilt |
| Nye tildelingar i løpet av 2017 | | | |
| 79 | Onarheim - Uggdal | Tysnes | Under bygging |
| 310 | Bordalsvegen, vegkant og rekkverk | Voss | Ferdigstilt |
| 564 | Fossesjøen | Meland | Ferdigstilt |
| 344 | Eksingedalen - std heving | Vaksdal | Ferdigstilt |
| 313 | Teigdalen | Voss | Ferdigstilt |
| 307 | Raundalsvegen | Voss | Ferdigstilt |
| 520 | Håradalen - Sauda | Odda | Ferdigstilt |
| 307 | Rastalia utbetring av veg | Voss | Under bygging |
| 550 | Sollesnes | Jondal | Ferdigstilt |
| 307 | Palmafossen- Ørneberget | Voss | Ferdigstilt |



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.